

UTFYLLANDE STILLINGSOMTALE – DIREKTØR JÆRMUSEET

Utfyllande informasjon om museet og direktørstillinga

«Jærmuseet skal utvikla samfunnsrolla slik at publikum opplever Jærmuseet som relevant, aktuelt og utfordrande, og oppmuntra til vidsyn og tvisyn».

Stiftinga Jærmuseet blei formelt stifta 21. januar 1985 av kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå.

[Lenke til vedtekter](#)

Jærmuseet er i dag er eit konsolidert museum som har driftsansvar for ulike anlegg i alle dei sju stiftarkommunane. [Jærmuseet si nettside](#)

I jubileumsårboka, som blei gitt ut i samband med museet sitt 25 års jubileum i 2010, får du eit godt innblikk i museet si historie og utvikling dei første 25 åra.

Her får du og ein utfyllande presentasjon av dei ulike anlegga i Jærmuseet.

Frå 2012 er også Flyhistorisk Museum Sola konsolidert inn i Jærmuseet.

[Lenke til jubileumsårboka](#)

Museum og vitensenter

Jærmuseet er både museum og vitensenter. Alt i 1999/2000 fekk Jærmuseet tilskot frå Kulturdepartementet for å bygga dei første vitensenterutstillingane på det som seinare blei Vitengarden på Nærbø. I 2003 blei Jærmuseet, saman med fem andre vitensenter, utpeika som regionalt vitensenter med fast, årleg driftstilskot frå Kunnskapsdepartementet. I dag er det 13 regionale vitensenter i Norge.

www.vitensenter.no

Jærmuseet (Vitensenteret Sør-Vest) har to hovudavdelingar, Vitengarden på Nærbø og Vitenfabrikken i Sandnes, samt det omreisande realfagstilbodet Science Circus («Jærmuseet på hjul»). Ei maritim vitensenteravdeling er under planlegging på Tungenes (Vitenvågen).

Kombinasjonen museum og vitensenter gir Jærmuseet ein unik profil. Vår oppgåve som museum er å dokumentera og formidla den nyare historia til regionen. Kjerneaktiviteten i eit vitensenter er populærvitenskapleg formidling av naturvitenskap og teknologi, og me skal særleg vekka interesse for realfag hos barn og unge. Det unike ved Jærmuseet er utstillingskonsept som integrerer kulturhistorie og realfag, der installasjonar og eksperiment blir knytt til dei kulturhistoriske rammeforteljingane om regionen.

Dette var eit nyskapande formidlingsgrep som bidrog til at Jærmuseet i 2009 fekk den europeiske museumsprisen "The Luigi Micheletti Award" som det mest lovande teknologimuseet i Europa, blei kåra til årets museum i Norge same året, samt "Norges herligste museum for barn"!

I 2016 bad Jærmuseet om ei ekstern evaluering av drift og formidling sett i eit internasjonalt perspektiv. Denne blei utført av dei tidlegare direktørane for dei store nasjonale

vitensentera i Finland og Danmark, Per-Edvin Persson frå Heureka og Asger Høeg frå Experimentarium:

«Vår generella slutsats är at Jærmuseet är en unik institution av världsklass, helt jämförbar med de ledande institutionerna i världen i fråga om kreativitet, intellektuell stimulans och lokal relevans. Vi är mycket imponerade.»

[Lenke til rapport](#)

Også i den nye museumsmeldinga får Jærmuseet særskild omtale:

[Lenke til kap 9.5 i museumsmeldinga](#)

Musea inn i framtida.

Alle musea som får driftstilskot frå Kulturdepartementet (KUD) er del av det nasjonale museumsnettverket. Musea får direkte driftstilskot frå Kulturdepartementet og det er KUD som legg dei overordna nasjonale føringane for museumsverksemda.

Våren 2021 la Kulturdepartementet fram ei ny Stortingsmelding om musea:

MUSEA I SAMFUNNET - Tillit, ting og tid (Meld. St.18, 2020-2021).

Her skisserer KUD opp utfordringane for musea fram mot 2050.

[Lenke til meldinga](#)

I innleiinga til meldinga presenterer departementet forventningane til musea som samfunnsinstitusjonar slik:

Musea våre er uttrykk for utviklinga av eit samfunn, sjølvkjensla i ein nasjon, standarden for ytringsfridom og demokrati i ein fellesskap.(...). Museumspolitikken legg difor grunnlaget for ein del av vår felles danning. (...)

I tiåra som kjem, er det avgjerande viktig at musea framleis inngår i den infrastrukturen for frie ytringar og fagleg autonomi, som eit demokratisk samfunn treng for å vera sunt og levekraftig. Musea må kunna handtera samansette interesser og utviklingsdrag. Samstundes må dei finna si form i ei tid der store globale utviklingstrekk knytte til digitalisering, klimautfordringar og endra samhandlingsmønster, legg viktige premisser. (...)

Som viktige aktørar i det offentlege ordskiftet er det avgjerande for musea framover at dei hegnar om denne posisjonen og vidareutviklar han. Særleg er det viktig å sikra ein posisjon der det vert skapt rom for at ulike meiningar kan møtast og brytast og vera ei motvekt til framveksten av ekkokammer, konspirasjonsteoriar og falske nyhende. (...)

Forsking

Museumsmeldinga løftar også fram musea som forskingsinstitusjonar. Jærmuseet har for tida to doktorgradsstipendiatar i historie.

Ny strategiplan for Jærmuseet

Dei overordna føringane og forventningane i den nye museumsmeldinga har inspirert Jærmuseet sin nye strategiplan, og vår oppfatning av eiga samfunnsrolle:

«Musea og vitensentera er sentrale aktørar i den grunnleggande infrastrukturen for demokrati, frie ytringar og det ueinigheitsfellesskapet som dannar rammene for eit aktivt og reflektert samfunnsengasjement.

Som del av det nasjonale museumsnettverket skal Jærmuseet skapa rom for ulike at meiningar kan møtast og brytast. Museet sine samlingar skal bidra til dei felles historiene om Norge».

Det er direktøren si oppgåve å sørge for at organisasjonen oppfyller måla i strategien og overordna føringane frå KUD som blir gitt i dei årlege tildelingsbrev.

[Lenke til strategiplan](#)

Oppdrag som vitensenter og ny utviklingsplan for dei regionale vitensentera 2021 – 2024

Ny utviklingsplan for dei regionale vitensentera 2021 – 2024

Midlane til vitensenterdrifta vår kjem frå Kunnskapsdepartementet, og blir fordelt av eit eige programstyre i Forskingsrådet.

For 2021 får Jærmuseet eit driftstilskot frå Forskingsrådet på 8,6 mill.

Vitenstyret har og ansvaret for å vedta overordna strategiar og planar for dei regionale vitensentera – i tett dialog med dei regionale vitensentera og styret i Vitensenterforeninga (Jærmuseet har for tida varamedlem til styret).

Utviklingsplanen 2021 - 2024 har desse hovudmåla:

1. Vidareutvikla og auka bruken av utstillingane
2. Bidra til auka naturfagleg kapital hos allmenheita («*science capital*»)
3. Vidareutvikla vitensentera si regionale rolle

[Lenke til utviklingsplanen](#)

Det er direktøren si oppgåve å sørge for at Jærmuseet oppfyller desse måla.

Dei ulike vitensentera har årlege dialogmøte med dei regionale vitensentera, både ei plenumssamling og individuelle møte der me må gjera greie for aktivitetane våre og koss me har oppfylt krava.

Oppdrag frå Utdanningsdirektoratet

Talentsenter

Våren 2020 fekk Jærmuseet tildelt det femte talentsenteret i realfag, noko som gir eit årleg driftstilskot frå Utdanningsdirektoratet.

Etableringa av talentsenter i realfag er ei oppfølging av den tidlegare realfagsstrategien "Tett på realfag". Talentsentera skal gi eit tilbod til elevar med stort læringspotensial i realfag.

[Talentsenter i realfag | Vitensentrene \(vitensenter.no\)](#)

Hausten 2021 har Jærmuseet sju grupper, med elevar frå ulike klassetrinn og frå heile fylket.

[Talentsenter i realfag skuleåret 21/22 - Jærmuseet \(jaermuseet.no\)](#)

Opplæring i koding til alle 6.klassingar - super:bit

Det er eit mål å styrka programmeringskunnskapen hos elevar og lærarar i grunnskulen. På oppdrag frå Utdanningsdirektoratet tilbyr vitensentera i Norge eit opplegg i koding (super:bit) til alle elevar på 6.trinn. Jærmuseet har ansvaret for å gi dette tilbodet til alle 6.klassingar i Rogaland. Gjennom super:bit tilbyr Jærmuseet også gratis lærarkurs og utstyrspakkar. Me har og eit eige studio for digital undervising, m.a. opplegget Kodekraft [Super:bit til skulane - Jærmuseet \(jaermuseet.no\)](https://www.jaermuseet.no)

Kystverkmusea

Jærmuseet er ein del av Kystverkmusea – etatsmuseet for Kystverket.

Etatsmuseet for Kystverket blei etablert av Stortinget i 2008, og er organisert som eit nettverksmuseum. Opphavleg bestod etatsmuseet av Lofotmuseet i Nordland (konsolidert inn i Museum Nord), Dalsfjorden fyrmuseum på Sunnmøre (konsolidert inn i Sunnmøre Museum), Tungenes fyr (konsolidert med Jærmuseet i 2008) og Lindesnes fyrmuseum som har rolla som koordinator og sekretariat. I 2016 blei Museene for kystkultur og gjenreising i Finnmark innlemma i etatsmuseet. Men Randaberg kommune, i samarbeid med Jærmuseet, hadde heilt sidan 1990-talet arbeidd saman med dei tre andre musea om oppretting av eit nasjonalt fyrmuseum etter ein nettverksmodell.

www.kystverkmusea.no

Direktøren i Jærmuseet deltar på 2-3 årlege direktørmøte i Kystverkmusea og skal bidra til å vidareutvikla etatsmuseet i lag med dei andre musea og i lag med avdelingsleiar for Tungenes fyr.

Barn og unge

Jærmuseet si hovudmålgruppe er barn og unge. Alle avdelingar i Jærmuseet, og Vitenfabrikken og Vitengarden spesielt, har **omfattande undervisingstilbod** til skular på ulike klassesetrinn. I formidlinga står deltaking, aktivitet og utforsking sentralt.

I 2019, før pandemien, hadde Jærmuseet over 62.000 barn og unge i organisert undervising. Det er om lag halvparten av alle barn og unge i organisert formidling i Rogaland.

Som regionalt vitensenter for Rogaland har me eit ansvar for å formidla realfag til skular i heile fylket.

Både Vitenfabrikken, Vitengarden og Garborgsenteret har besøk frå skular i mange kommunar fylket. Vårt vitensenter på hjul, Science Circus, besøker skular i heile Rogaland, men særleg dei skulane som ligg geografisk lengst borte frå Sandnes eller Nærbø.

Fellesfunksjonar og leiargruppe

Jærmuseet er eit konsolidert museum, noko som m.a. inneber at fellesfunksjonar som økonomi, rekneskap, personalforvaltning og marknadsføring blir ivaretatt av ein fellesadministrasjon lokalisert i nytt administrasjonsbygg på Vitengarden på Nærbø.

Men det er forventet at direktøren held tett kontakt med, og besøker dei andre avdelingane jamleg, og t.d. har kontordag på Vitenfabrikken minst ein dag i veka.

For meir informasjon om organisasjon og struktur, [sjå her](#)

Utbyggingsprosjekt - vidare utbyggingar

Sidan Jærmuseet blei stifta i 1985 har Jærmuseet gradvis bygd opp ulike anlegg i dei ulike stiftarkommunane.

I 1986 vedtok dåverande Jæren Museumsråd at det nye regionmuseet skulle lokaliserast til området Kvia/Audamotland på Nærbø i Hå kommune.

Kvia 4H- og museumsgard kunne tilby aktivitetar for publikum frå våren 1992. Første byggesteg av det nye museet stod ferdig i 1995, nåverande utstillingshall blei realisert i 2002. Same året blei også dei første vitensenterutstillingane opna på Kvia, finansiert av Kulturdepartementet som «*eit pilotprosjekt for vitensenter i Norge*». Vitensenterutstillingane på avdelinga, som seinare fekk namnet Vitengarden, blei fullførde i 2005 («*Vitensenteret midt i matfatet*»), og supplert med ei stor utandørsutstilling, SNU, i 2014.

Vitenfabrikken (Sandnes museum) blei opna i 2008, og andre byggesteg blei fullført i den tidlegare sykkelfabrikken til Jonas Øglænd i 2016.

I 2012 opna Nasjonalt Garborgsenter på Bryne, samlokalisert med det nye Time bibliotek. Eit nytt underjordisk magasin på 2200 m² blei ferdigstilt på Kvia i 2019, og sommaren 2020 kunne administrasjonen og fleire andre avdelingar flytta inn i nytt administrasjonsbygg.

Vitenvågen

Det neste store utbyggingsprosjektet til Jærmuseet er Vitenvågen, den maritime vitensenteravdelinga til Jærmuseet, i Randaberg. Realiseringa av dette prosjektet blir ein av dei viktigaste oppgåvene til den nye direktøren, i tett samarbeid med Randaberg kommune (som byggeigar) og avdelingsleiar for Tungenes fyr.

I den nye museumsmeldinga er prosjektet eitt av seks kystkulturprosjekt som staten ønsker å prioritera i åra framover.

[Kulturdepartementet vil ha Vitenvågen - Jærmuseet \(jaermuseet.no\)](#)

Sømmevågen

Det er og store planar for utviklinga av Sømmevågen i Sola.

Den overordna visjonen for området er «*Frå Hafrsfjord til Jåttå*» - Norsk militærhistorie gjennom tusenår.

Sola kommune kjøpte i 2013 eit område på 187 da til museums- og friluftsmål.

«*Utviklinga av Sømmevågen /Sola Sjø området er en av de mest spennende mulighetene for kulturell utvikling Sola har hatt. Her ligger alt til rette for et unikt opplevelsessenter med fokus på vår eldre og nære historie, i tillegg til områdets mange muligheter for tur og rekreasjon*».

I Sømmevågen ligg i dag Flyhistorisk Museum Sola og Torpedoverkstedet med utstillinga «Fortellinger fra andre verdenskrig». Det er konkrete planar om ein ny utstillingshall og ny publikumsinngang, og Stortinget har allereie løyvd 2,5 mill. til prosjektet.

Med ei omorganisering av Forsvarets museer, slik det er skissert i Museumsmeldinga, ligg det og spennande utviklingsmulegheiter for Sømmevågen og den militærhistoriske formidlinga:

«(...) Tida er inne for å tenkja heilskapleg om korleis Noregs forsvars-, militær-, krigs- og etterkrigshistorie skal forvaltast og formidlast på beste måte og dekkja heile landet. I dag har nesten alle musea i Kulturdepartementets portefølje forvaltnings- og formidlingsansvar for ulike element av krigs- og etterkrigshistoria. Mange av dei sivile musea er på denne måten viktige brikker i den store forteljinga om Noregs krigshistorie landet rundt.

*(...) Den tilrådde modellen legg opp til å autorisera relevante institusjonar i det nasjonale museumsnettverket til å ha eit utvida ansvar. Ei rekkje museum i det nasjonale museumsnettverket har i dag krigshistorie som eitt av sine oppgåvefelt. Dette gjeld m.a. Museum Vest, Vest-Agder-museet, **Jærmuseet**, Norsk Luftfartsmuseum, Varanger museum, Nord-Troms Museum med fleire. Eit nytt fagleg nettverk for forsvars-, militær-, krigs- og etterkrigshistorien vil òg vera eit tenleg grep for å tryggja kvaliteten på både dokumentasjon og formidling. (...)*»

Planar

Direktøren har ansvaret for at museet utarbeider planar for dei ulike delane av verksemda, slik Kulturdepartementet forventar.

Direktøren har også det overordna ansvaret for ulike rapportar til overordna forvaltningsnivå.

Jærmuseet sine planar og årsrapportar finn du [her](#).

Deltaking i nasjonale og internasjonale fora.

Jærmuseet har tradisjon for å vera aktiv i ulike nasjonale og internasjonale fora.

Norges Museumsforbund er musea sin interesseorganisasjon; [Museumsforbundet](#)

Jærmuseet er medlem av arbeidsgjevarorganisasjonen Virke som og tilbyr deltaking i ulike nettverk, m.a. eit eige direktørnettverk; [Virke](#)

Som vitensenter deltar me i den internasjonale vitensenterorganisasjonen Ecsite; [Ecsite](#)

Jærmuseet, saman med Norsk Oljemuseum, skulla ha vore vertskap for Ecsite-konferansen i 2021, men denne blei dessverre avlyst pga koronasituasjonen. Me vurderer ny søknad for 2024 eller 2025.

Me har og deltatt med innlegg på ulike konferansar i regi av AIMA – den internasjonale organisasjonen for landbruksmuseum; [AIMA](#)

For tida deltar også Jærmuseet i fleire EU-prosjekt.